

Mine. Alle bileta er frå Andreas Bennin si utstilling Domestications.

Dokumentasjon og refleksjon omkring

HJERKINN-PROSJEKT

Kunstnaren Andreas Bennin har i over tre år dokumentert arbeidet med restaureringa av skytefeltet på Hjerkinn, og opnar i dag separatutstillinga Domestications, som ein del av prosjektet A Nation Restored.

GURO VOLLEN
guro@vigga.no



To av bileta frå utstillinga som opna i Oslo førre torsdag var teke frå lufta. Fotokunstnar Andreas Bennin (t.h) ønskjer å koma attende til Hjerkinn, og jobbar med fleire idear i så måte. (Foto: Privat)

Bennin har jamt og trutt dei siste tre åra besøkt Hjerkinn, og har budd på Villreinsenteret medan han har jobba med prosjektet. Utstillinga på Fotogalleriet i Oslo er sett saman av stillbilete og film frå denne perioda. Prosjektet har også resultert i fleire utstillingar, og det er planer om bok og seminar.

Fjerning av spor

- Alle forstår kvifor ein vil fjerne farlege restar etter aktiviteten der, men kva er konsekvensen av at ein gjer desse endringane av topografien, og konstruerer noko som om hundre år kjem til å bli oppfatta som urørt natur, spør han.

Han ønskjer med utstillinga også å undersøkje kva som er motivasjonen og bakgrunnen for ei slik restaurering, med fjerning av spor etter all aktivitet i skytefeltet. Bombekrater etter vår tids aktiviteter skal fjernast og revegeterast, medan tidlegare tiders spor etter reinsfangst i same område er freda.

- Eg er oppteken av å ha med historia når vi går vidare, og vil laga rom for refleksjon over kva som skjer når vi tek vekk denne delen av historia, seier Bennin.

Konstruert bilde

Kunstnaren undrar på om det er uttrykk for ei slags neo-nasjonalromantikk, og om den rekonstruerte naturen passar betre med biletet vi har av oss sjølve som nasjon.

Han har teke tak i Dovre som eksempel på eit symbol på det norske. Ei oppfatning som oppsto i ei tid der vi nett hadde fått ei eiga grunnlov, og skulle definere oss sjølve vekk frå Sverige og Danmark.

- Då greip vi til dei høge fjella som eit symbol, seier han.

- Det passar kanskje betre med biletet av Norge som fredsnasjon, når treningsspora etter landets våpeneksport og militære aktivitet, blir erstatta av konstruert natur, seier han.

Vil gjera noko på Hjerkinn

- Det vil bli ei bok, og fleire utstillingar, og eg håpar å få til eit tverrfagleg seminar om landskaps–endringar, fortel Bennin.

Kunstnaren heldt denne veka eit foredrag på Kunsthøgskulen i Oslo, noko han også vil gjera meir av. Han fortel at han heile tida har hatt som mål å samle alt i ei endeleg utstilling, med alle arbeida i prosjektet. Dato og stad for dette er enno ikkje fastsett.

- Eg vil gjerne gjera noko på Hjerkinn, og har fleire idear eg jobbar med. I Grunnlovsjubileet neste år har jo Dovre ein spesiell plass, seier Andreas Bennin, og meiner det er interessant å reflektera over dette, i ljos av restaureringsprosjektet som pågår.




Under Storestygge Svånåtinden.



Mot Flathøi.



Over Grøndøl.



Mount.



